■ Studenter og ansatte i Forskerforbundet, Norsk Tjenestemannslag (NTL) og Norsk studentorganisasjon (NSO) krever plass i utredningen som skal vurdere foretaksmodellen i høyere utdanning. Bakgrunnen er NSOs klare resolusjon, hvor de går mot foretaksmodellen til regjeringen. – En utredning som skal ta opp spørsmål der ansattes lønn, arbeidsvilkår og pensjonsordninger potensielt er i spill, må ha representasjon fra fagforeningene i sektoren, sier NTL, og får støtte fra Forskerforbundet.



Prisvinner Vessela Kristensen (tredje f.v.) sammen med blant andre H.M. Kongen.

FORSKNINGSPRIS

Krefteforskningsprisen til Vessela Kristensen

■ Professor Vessela Kristensen er tildeelt Kong Olav Vs krefteforskningspris for 2018, og fikk den overrakt av HM Kong Harald V i Oslo 16. april. Hun har i en årrekke forsket på genetik og brystkreft gjennom å utvikle avanserte modeller for å analysere store mengder data. Hun leder også en forskningsgruppe som har som mål å finne bedre og mer effektive måter å diagnostisere og behandle brystkreft på. Prisen er på én million kroner, og deles ut hvert år.

INSTITUSJON

NTNU-rector til Innovasjon Norge

■ Rector ved NTNU Gunnar Bovim ligger an til å ta over som styreleder for det statseide selskapet, Innovasjon Norge. Han er nå innstilt som eneste kandidat fra valgkomiteen, skriver Adresseavisen. – Bovim har mye kunnskap fra relevante områder, og har evnen til å skape resultater, sier Toril Johanson i Kunnskapsdepartementet. Ifølge Universitetsavisa er Bovim ønsket av næringsminister Torbjørn Røe Isaksen. Valgkomiteens innstilling behandles i starten av mai.



Tsinghua University i Beijing var blant universitetene som delegasjonen besøkte.


FOTO: SHUTTERSTOCK

FORSKNING

VIL HA MER FORSKNINGS-SAMARBEID MED KINA

Over 200 forskere og rektorer var i midten av april i Kina for å styrke samarbeidet med kinesiske universiteter, en reise som har fått mye kritikk. Nå ønsker Forskningsrådet og Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) enda mer samarbeid med Kina.

De har utarbeidet en oversikt over 11 elleve prioriterte temaområder som er særlig godt egnet for samarbeid de kommende årene, blant annet innen digitalisering og maritim sektor.



FAGFORENING

Stiller krav til omorganisering


■ Etter fire år med budsjettkutt i forbindelse med regjeringens avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform fra 2015, må UiT – Norges arktiske universitet kutte antall administrative årsverk og omorganisere. Men Norsk Tjenestemannslag (NTL) ved lokallagsleder, Torill Nustad, stiller nå krav. – Nye løsninger og rutiner må være på plass før det blir kutt og nedbemanning, sier hun til avisa iTromsø. Totalt skal det kuttes 84 millioner kroner.

Anatomisk korrekt

Professor Anne Spurkland gjev universiteta skarp kritikk for å overlate anatomiundervisninga til forskarar utan legebakgrunn.

TEKST: JOHANNE LANDSVERK | FOTO: ERIK NORRUD







Professor emeritus Per Holck (76) underviser medisinstudentar før eksamen. – Dei er så flittige, og slett ikkje late, seier han.

– Ved UiO har vi snart ikkje legar som underviser studentar i basalmedisinske fag. Dette er eit stort problem, men ingen bryr seg. Universitetsleiinga, som sit med ansvaret, har i mange år bagatellisert problemet, seier professor Anne Spurkland ved Institutt for medisinske basalfag ved Universitetet i Oslo (UiO). Ho er også undervisningsleiar for anatomiseksjonen ved instituttet.

Dei to første åra må medisinstudentane lære seg ein del grunnleggande fag, som anatomi, fysiologi og biokjemi. Ved dei fleste universiteta her i landet er det ikkje lenger medisinarar, men biologar og andre med naturvitskapleg bakgrunn som underviser i desse faga. Dette går ut over kvaliteten på legeutdanninga, meiner Spurkland.

– Den kliniske relevansen blir ikkje tilstrekkeleg teken vare på av ikkje-legar. Når biologar skal stå for undervisninga, har dei ikkje nok kunnskap og erfaring å trekke vekslar på. Mange

stiller ikkje klinisk relevante spørsmål på eksamen, og dei aner ikkje kva denne kunnskapen faktisk skal brukast til seinare.

Ho meiner dette får konsekvensar:

– Vi endar vi opp med å utdanne medisinstudentar som har for dårleg medisinsk ballast.

Satsar på emeritusane

I seksjon for anatomi vil også mange snart gå av for aldersgrensa.

– Vi held på å tømme barnet ut med barnevatnet, seier Spurkland. – Dette kviler meg tungt på hjartet, fordi eg underviser i anatomi, eit fag som er heilt grunnleggande viktig for alle som skal bli legar. Etter at fleire har gått av dei siste åra, er ein del stillingar ikkje erstatta. Hadde vi ikkje hatt god støtte frå dei gamle emeritus-professorane, ville situasjonen vore endå mykje verre.

Ein av desse er Per Holck. Han er 76 år og tek

framleis på seg mykje undervisning.

Når Forskerforum er på besøk, er han travelt opptatt med å undervise medisinstudentar i biomekanikk. Studentane har bede Holck om å halde ei ekstra forelesing før eksamen. Dei har møtt fulltalig opp, og det er tydeleg at han er ein populær forelesar.

– Eg gjer jo dette fordi eg liker å undervise. Det er så hyggeleg å vere saman med studentane, og dei er veldig flittige og arbeidsame, seier Holck. Han var klinisk i 18 år før han begynte på universitetet, og han har også vore bedriftslege i mange år. Holck meiner det er ein fordel for undervisarane å vere legeutdanna, særleg i eit fag som anatomi.

– Som medisinarar har vi breiare anatomikunnskap enn dei fleste andre forskarar, og vi har klinisk erfaring. Studentane er ofte nysgjerrige på legeyrket, og stiller mange kliniske spørsmål.

Holck meiner det er viktig å kunne sjå basalfaga i ein større samanheng.

– Alle kan lese seg opp i desse faga, men det er vanskelegare for ikkje-legar å sjå faget i ein pasientsamanheng. Biologar har vel aldri hatt ein pasient i heile sitt liv, seier han.

– Biologar har vel aldri hatt ein pasient i heile sitt liv.

PER HOLCK

– Eit hjarteattakk unna

Holck er slett ikkje aleine om å trø til. Lars

Walløe, som har fylt 80 år, er ansvarleg for undervisningsopplegget i modul 2, det vil seie andre året av medisinstudiet.

– Det er jo litt spesielt å spørje ein 80-åring om å ta denne jobben, men det er det viktig å ha ein person med medisinsk utdanning som modulleiar. Eg skal passe på at studentane lærer det dei skal i anatomi og fysiologi. Og mange forskarar trur at akkurat deira fagfelt er det viktigaste, så då er jobben min å seie frå om at dette faktisk ikkje er så viktig for studentane, seier Walløe.

I følge Spurkland måtte instituttet be på sine kne om at Walløe skulle ta denne oppgåva.

– Dei legane som er igjen her, har altfor stor arbeidsbelastning, fordi vi må sitje i komitear og ta på oss andre oppgåver, seier ho.

– Vi er eit hjarteattakk unna at vi som er legar, ikkje får gjort noko anna enn å undervise og må legge frå oss forskinga. Forskarane som ikkje har brei medisinsk kompetanse, vil sleppe mykje billegare unna undervisningsjobben, medan dei som har legekompertanse, må ta på seg å lage eksamen og andre nødvendige oppgåver.

Konfliktfylt utlysing

I dag er universiteta på evig jakt etter den beste forskarkompetansen. Dette er også ein av grunnane til at legar med forskarerfaring som oftast taper konkurransen om jobbane. Realfagsforskarar som har brukt all tida si på forskning, har eit stort forsprang på legar som har brukt fleire år på turnusteneste og klinisk arbeid. Spurkland meiner universitetet har bagatellisert problemet, men instituttleiar Lene Frost Andersen seier instituttet har teke grep.

– Mange meiner det er for få legar i undervisninga, og no har vi teke tak i dette. Nyleg vart det lyst ut ei stilling der vi søkte spesielt etter medisinarar. Det er særleg innanfor fysiologi dette i ein periode har vore ei utfordring, og det er difor vi har sett i gang denne prosessen. Vi skal ikkje ha legar i alle undervisningsstillingar, men i ein viss prosent av stillingane. Ikkje alle som underviser i basalfag, treng medisinsk bakgrunn, men det må vere ein balanse, seier Andersen.

Spurkland meiner denne utlysinga sat veldig langt inne.

– Men det var heilt nødvendig, for i stilling etter stilling er det biologar og fysiologar utan legeutdanning som har fått jobbane, seier ho.

Avgjerda har likevel skapt diskusjon i fysiologimiljøet.

Professor Joel Glover er ueinig i utlysinga. Han er realist med utdanning frå Berkeley, University of California, og har undervist i basalfag ved UiO i over 30 år, både i anatomi og fysiologi.

– Dette er første gongen vi har kravd medisinsk embetseksamen til ei stilling ved seksjon for fysiologi, seier Glover.

– Ved anatomiseksjonen har det vore ein kultur for å tilsetje legar i desse stillingane, men i seksjon for fysiologi er dette heilt nytt. Eg reagerer også på at det blir framstilt som ei krise at vi manglar legar ved seksjonen. Det er faktisk ei 50–50-fordeling av medisinarar og ikkje-medisinarar i fysiologiseksjonen, seier Glover.



– Legane kjem til kort i konkurransen om jobbane, seier Anne Spurkland.

narar i fysiologiseksjonen, seier Glover.

Han er sterkt imot kvotering av legar, og meiner instituttet må tilsetje dei som er best eigna, og som fyller krava til god forskning og undervisning.

– Om du har vist at du er god til å undervise i basalfag, er det godt nok – uansett utdanning, meiner han.

– Gje meg bevis!

Glover reagerer også sterkt på utspelet til Spurkland.

– Å påstå at ikkje-medisinarar ikkje er gode nok, er farleg. Studentane kan få ei kjensle av at dei får mindreverdig undervisning av ikkje-medisinarar. Vi må aldri kome dit at vi gjev inntrykk av at det er to nivå på undervisningskompetansen blant dei tilsette ved instituttet, seier han.

Diskusjonen er slett ikkje ny, men Glover er redd for at fagmiljøet no er i ferd med å bli splitta i denne saka, og at det blir skapt eit skilje mellom medisinarar og ikkje-medisinarar.

– I denne debatten har eg sagt: om medisinarane er betre skikka til å undervise i basalfag, så gje meg bevis for dette! Det einaste svaret eg har fått, er at ein *synest* realistar og ikkje-medisinarar mistar det kliniske perspektivet. Men eg meiner at også realistar kan ha eit klinisk perspektiv, og dette er noko ein som regel må ha for å søkje om forskingsmidlar.

– Viktig med knaggar

Glover får støtte frå Ingeborg Solberg, som går fjerde året av medisinstudiet ved UiO. Ho har tidlegare vore leiar i Medisinsk fagutvalg (MFU), som er eit utval for studenttillitsvalde ved fakultetet.

– Eg er ikkje sikker på om det betyr så mykje reint fagleg om du er lege, seier Solberg.

– Men det kan ha noko å seie for motivasjonen. Alle studentar synest det er spennande å få nokre knaggar å henge teorien på, og at dei som foreleser kjem med eksempel på korleis teorien kan overførast til behandling.

Ho meiner legar som underviser, kan vere viktige førebilete.

– Legar kan lettare trekke fleire parallellar til yrkeslivet vi skal inn i. Men eg trur ikkje ein *må* vere lege for å dra desse parallellane.

Solberg trur heller ikkje at ein lege med femten års forskingserfaring nødvendigvis er ein god pedagog.

– Det som er viktig dei første åra, er å få ei grundig innføring i fag vi skal bygge vidare på seinare. Eg trur heller ikkje ein treng doktorgrad for å vere ein god undervisar. Så kanskje fakultetet skulle legge like mykje vekt på sjølve pedagogikken som på kva utdanning undervisarane har.

Lars Walløe (80) og Per Holck (76) jobbar fortsatt ved UiO.
Dei meiner undervisarane bør vere legar, særleg i anatomi.



– Kanskje burde ein leggje meir vekt på pedagogikken enn på kva utdanning undervisarane har, seier Ingeborg Solberg.

Verre ved UiT

Samanlikna med mange andre universitet er basalfagmiljøet ved UiO godt utrusta. Ved UiT – Noregs arktiske universitet er det stort sett ikkje-legar som underviser i desse faga.

– Av legar på fulltid er det snart berre eg igjen ved instituttet, seier Kirsti Ytrehus, som er professor ved Institutt for medisinsk biologi ved UiT.

Ho har vore aktiv i Legeforeningen, blant anna som leiar i Foreningen for leger i vitenskapslige stillingar, der ho var engasjert i denne saka i mange år. – Dette er ein gammal debatt, men situasjonen har blitt verre, seier Ytrehus.

Ho meiner det får konsekvensar når stadig færre legar kvalifiserer seg til jobbar innanfor basalmedisinske fag.

– Det er ikkje lett å trekke linjene frå kjemien og biologien opp til medisinen når ein ikkje har legekompetanse. Og for studentane kan det vere vanskeleg å skjønne kva som er mest relevant for dei.

Ytrehus seier mange utanlandske forskarar blir rekrutterte til universitetet fordi dei er svært dyktige på forskingsområda sine.

– Dei er gode på sine fagfelt, men er utan erfaring med å undervise medisinstudentar. Difor må legane ved instituttet ofte ta undervisningsjobben, og det resulterer i at dei ikkje får tid til å forske. Då blir det ei stor skeivfordeling av oppgåver.

Får ikkje jobbane

Også ved Universitetet i Bergen (UiB) er lege-mangelen i ferd med å bli eit diskusjonstema. Professor Arne Tjølsen er lege og undervisningsleiar ved Institutt for biomedisin ved UiB. Han fortel at mange ikkje-legar står for undervisninga i basalfag.

– Fleire legar ved instituttet gjekk av for aldersgrensa for få år sidan, utan at nye kom inn. Auken i staben kjem i form av forskarstillingar, postdoktor- og stipendiatstillingar, som ikkje har undervisningsplikt. Og fordi forskning blir så høgt verdsett ved universitetet, tilset vi folk i kombinerte forskings- og undervisningsstillingar stort sett på bakgrunn av vitenskaplege kvalifikasjonar. Det ein ser etter, er forskingskvalitet, -volum og -aktivitet, og evne til å skaffe forskingsmidlar.

Tjølsen seier det er svært få legar som kan hevde seg i konkurransen.

– Det viser seg at blant søkerane til instituttet vil legane jamt over ha dårlegare forskingskvalifikasjonar. Dei taper i konkurransen med utanlandske forskarar, som ofte er ekstremt gode. Så skal vi få legar inn i desse stillingane, må vi søkje etter folk med medisinsk grunnutdanning. Vi har kome dit no at vi vurderer å lyse ut nokre

stillingar spesifikt for profesjonsutdanna legar, fortel han.

– Ei fallitterklæring

Tjølsen meiner det likevel ikkje treng vere eit problem å bruke ikkje-legar i undervisninga.

– Men ingen av dei som får desse jobbane kan anatomi. Og i dag er det svært lite forskning innanfor fysiologi, også internasjonalt. Difor er det få som har gode undervisningskvalifikasjonar i desse faga. Vi må ofte setje forskarane på skulebenken for at dei skal lære seg det grunnleggjande, før vi sender dei rett ut i undervisninga. Dette er ei fallitterklæring for eit universitet, meiner han.

Men ikkje alle ved UiB synest det gjer noko om dei står utan legetutdanning.

– Eg synest ikkje dette er eit stort problem. Dei to første åra skal studentane lære seg det grunnleg-

gande om organa i kroppen, og etter mitt syn har det lite å seie om du er lege, seier professor Frode Selheim. Han er kreftforskar ved UiB og underviser medisinstudentar i histologi, eller vevslære, som er ei grein av mikrobiologien.

– Eg måtte jo lese meg opp i starten. Men det har jenka seg til etter kvart som eg har fått erfaring. Noko anna er det å undervise i makroanatomi, for då skal du ha stor kunnskap om kroppen.

Kan ikkje konkurrere

Finst det då ei løysing, eller vil ikkje-medisinarar framleis få alle jobbane? Ved UiO vil det i tida framover bli lyst ut fleire stillingar, men instituttleiar Andersen kan ikkje love at desse vil bli lyste ut for legar. Det vil bli vurdert i kvart enkelt tilfelle.

– Men skal vi greie å rekruttere gode kandidatar, må vi jobbe for å gjere det meir attraktivt å kome til oss, seier ho.

Ytrehus ved UiT meiner det må gjerast noko med lønnsforholda ved universiteta.

– Er du forskar og driv med klinisk arbeid i eit helseføretak, har du som regel mykje betre lønn enn i ei universitetsstilling med undervisning og forskning, seier ho.

Tjølsen ved UiB trur mange legetutdanna forskarar heller ønskjer å jobbe ved eit klinisk institutt enn ved eit basalfagleg institutt.

– Dei er gjerne mest interesserte i det kliniske fagfeltet. Mange vil også velje helseføretaka, og ein del forskarar opplever at det er betre forskingsvilkår der enn ved universiteta, seier Tjølsen.

Spurkland ved UiO er ikkje i tvil om at forskarar ved helseføretaka har mykje betre vilkår. Ho meiner det kunne ha endra mykje om legane ved universitetet fekk meir rettferdige konkurransevilkår samanlikna med kollegaene



– Dei få legane som underviser i anatomi, blir overbelasta, seier instituttleiar Arne Tjølsen.
Foto: UiB



– Eg er sterkt imot kvotering av legar, seier Joel Glover.
Foto: Gunnar F. Lothe/UiO

– Kva synest du om kvaliteten på undervisninga dei to første åra?



ANNA KIPERBERG WERENSKJOLD
Medisinstudent ved Universitetet i Oslo, 4. studieåret.

– Høg, men varierende kvalitet. Kort avstand mellom studentar og professorar er fantastisk. Men mange lange dagar med forelesingar, og mange på forskningsfronten med verkeleg overveldande mengder detaljar, var krevjande. Alle hadde konstant panikk dei første to åra for ikkje å kunne nok.



ASTRID CELINE DAHLE-ANDERSEN
Medisinstudent ved Universitetet i Bergen, 2. studieåret

– I Bergen er det mange forskarar som underviser i basalfaga. Kvaliteten er sjølvsagt varierende, og nokre forskarar snakkar litt mykje om sitt eige felt. Men eg trur ikkje det har noko å seie om det er legar eller andre forskarar som underviser. Det viktige er pedagogikken.



REMI WILLIAM SCOTT
Medisinstudent UiT – Noregs arktiske universitet, 3. studieåret

– I Tromsø har det jamt over vore veldig bra undervisning. Særleg det første året var kjempebra, for der har det vore svært engasjerte og flinke forelesarar i basalfaga. Jamt over er forelesarane flinke pedagogar, men det første året var dei spesielt dyktige.

i helseføretaka.

– Legar som vil forske på basalmedisinske fag, tek ein sjanse om dei satsar på ein karriere her ved UiO, for vi har ikkje nok å tilby når det gjeld forskingsmidlar. I helseføretaka har dei tilgang på forskingsmidlar frå Helse- og omsorgsdepartementet (HOD). Vi som høyrer inn under Kunnskapsdepartementet, er ikkje på den same konkurransearenaen.


Forskringsrådet stadfestar overfor Forskerforum at det jamt over er lettare å få midlar i helseføretaka.

– Det finst legar ved sjukehuset som vi kunne ha rekruttert hit til UiO, seier Spurkland. – Men dei vil ikkje hit, for då mistar dei sugerøyret til forskingsmidlane i HOD-kassa. Den legen som vel å gå over til oss, er jo lite strategisk på eigne vegner. ■

KINA

STRAMMER GREPET OM DATA

Forskningsdata produsert i Kina må sendes til godkjente datasentre før de kan publiseres. Det bestemte nylig den kinesiske regjeringen, ifølge Science. Forskriften tar til orde for åpen tilgang og datadeling, med unntak av data om forretningshemmeligheter, nasjonal sikkerhet og personvern, men datasentrene avgjør hvilke data som kan publiseres. Leder av den amerikanske nasjonalvitenskapsstiftelsens Beijing-kontor, Nancy Sung, uttrykker bekymring for at regelen kan komme i konflikt med prinsippet om forskeres frihet til å publisere alle data.



USA

College-studenter sultet

■ Mer enn en tredel av amerikanske collegestudenter sier de ikke har nok penger til mat, og enkelte kan gå hele dager uten å spise, ifølge en undersøkelse som dekker 43 000 studenter ved 66 institusjoner i 20 delstater. Andelen øker ytterligere når lokale høyskoler inkluderes. Sara Goldrick-Rab, som har ledet studien, sier til Newsweek at studenter fra lavinntektsfamilier rammes hardest av økte kostnader ved høyere utdanning, og at de i gjennomsnitt får dårligere karakterer og har mindre sjanse til å gjennomføre utdanningen.

SVERIGE

Må refundere skolepenger

■ Svensk høyesterett har dømt Mälardalens högskola til å refundere to tredeler av studieavgiften til en amerikansk student, forteller University World News. Begrunnelsen er at utdanningen hun fikk, ikke holdt høy nok kvalitet. Studenten betalte SEK 55 000 per semester for en mastergrad i økonomi, men klaget flere ganger til skolen over kvaliteten på undervisningen. Dommen slår fast at læresteder som krever avgift fra internasjonale studenter, er kontraktmessig forpliktet til å tilby en viss akademisk standard.

FRANKRIKE

Sier opp tidsskrift

■ Etter over et år med forhandlinger har et nasjonalt konsortium som representerer mer enn 250 franske høyere utdanningsinstitusjoner, bestemt at det ikke fornyer abonnementsavtalen med forlaget SpringerNature, skriver The Scientist. Konsortiet ønsket lavere abonnementspriser fordi franske forskere nå betaler mer enn før i forfatteravgifter for publisering med åpen tilgang, men forlagets tilbud medførte en prisøkning. Avtalen utløp 1. april, men som i Tyskland har forlaget opprettholdt tilgangen mens samtalen fortsetter.

FOTO: FLICKR CC/HANS-JOHNSO



KINA

Sikter mot lederposisjon

■ Kinas såkalte «Belt and Road»-initiativ, en enorm investering i internasjonal infrastruktur for transport og handel, kan også føre til at Kina vil dominere det globale markedet for forskning og utdanning, skriver University World News. Dette var tema på en konferanse ved Universitetet i Utrecht nylig. Kinas store og voksende forsknings- og utdanningssystem vil påvirke både regionale partnere og globale konkurrenter, ifølge innledere på konferansen. Økende nasjonalisme i forskningsstormakter som USA og Storbritannia kan forsterke maktforskyvningen.

SPANIA

Opprør mot budsjettkutt

■ Mer enn 277 000 personer har signert på et opprop hvor den spanske regjeringen oppfordres til å «stanse den økende tilsidesettelsen av forskning i Spania» som nasjonale budsjettkutt de siste ti årene har ført til. Tidsskriftet Nature skriver at dette er den største forskningsrelaterte kampanjen i Spanias historie, og forskerne har håp om å bli hørt. Nylig la regjeringen fram et budsjettforslag som vil øke forskningsfinansieringen med 8,3 prosent fra i fjor, dersom det blir vedtatt i parlamentet.



FOTO: ELEKES ANDOR/WIKIMEDIA COMMONS

UNGARN


AKADEMIKERE PÅ SVARTELISTE

Det regjeringsvennlige magasinet Figyelo publiserte nylig en liste over «aktivister» som skal være lønnet av den ungarsk-amerikanske investoren George Soros, skriver Deutsche Welle. Listen inneholder mer enn 200 navn, blant dem ansatte ved Central European University i Budapest, som er grunnlagt av Soros. Listen inngår i regjeringens anti-immigrasjonskampanje hvor Soros brukes som symbol på liberale verdier og åpne grenser. European University Association er en av flere akademiske aktører som sterkt har fordømt skremmekampanjen.

ZIMBABWE

Fire nye universitet

■ Regjeringen i Zimbabwe har godkjent opprettelsen av fire nye universitet spredt omkring i landet, rapporterer avisen The Herald. Høyere utdannings- og forskningsminister Amon Murwira sier at departementet ønsker å prioritere naturvitenskap og teknologi, og vil kombinere støtte til flere lærere og undervisningsfasiliteter med bedre tilgang til lærlingplasser og tekniske høyskoler. «Vi ønsker å uteksaminere innovative kandidater som kan skape jobber det ikke finnes navn på i dag», sier han til avisen.



STORBRITANNIA

Sju ble ett

■ Fra 1. april ble Storbritannias sju fagspesifikke forskningsråd slått sammen til ett råd med én administrerende direktør og en solid samlet budsjettøkning. Omorganiseringen skal fostre tverrfaglig og strategisk forskning, samt motvirke negative økonomiske konsekvenser av Brexit, skriver Science. Rådet, med navnet UK Research and Innovation, ledes av Mark Walport, tidligere direktør for Wellcome-stiftelsen og vitenskapsrådgiver for den britiske regjeringen.



■ – Det var som å lande på mars, jeg hadde ikke en datamaskin engang da jeg begynte i Microsoft, sier Anna Kirah.

Etter en lang karriere i næringslivet etterlyser Anna Kirah flere humanister og samfunnsvitere, og kanskje litt mindre positivitet.

Utforskeren

Designantropolog **ANNA KIRAH** i samtale med Bår Stenvik
Foto: Erik Norrud

– For antropologen er *frykten* det som gjør deg god til å lese mennesker og situasjoner, sier Anna Kirah¹.

Som barn reiste hun verden rundt med sine akademikerforeldre, og hun ble stadig plassert i nye asiatiske barnehager der hun hverken kjente språket eller kulturen. Det var en skremmende opplevelse, som hun mistenker at samtidig utstyrte henne med de verktøyene hun senere trengte som antropolog.

– For å dempe frykten må man skaffe seg oversikt over det som skjer rundt en. Skulle jeg få venner i de barnehagene, måtte jeg observere hva som skjedde, både fra mitt eget og fra deres ståsted.

De færreste studenter har opplevd en så fremmedgjørende oppvekst, men man kan si at antropologien har institusjonalisert forvirring og frykt som en del av studiet, gjennom det obligatoriske feltarbeidet, ifølge Kirah².

– Med feltarbeidet har alle antropologer gått gjennom samme overgangsritualet: De blir sendt ut på feltarbeid til Bongo Bongo-land – som min veileder Aksel Sommerfelt brukte å kalle det – og de *vet ikke hva de ikke vet at de trenger å vite for å kunne utføre et godt feltarbeid*. Etter et års kaos kommer de tilbake for å skrive avhandlingen, og da oppdager de hva de egentlig har fått til i løpet av det året. De har vært forvirret og blitt fortrolige med kaos, og har lært seg å skvise essensen ut av noe.

Selv fikk Kirah aldri fullført en doktorgrad, verken i antropologi eller psykologi, som hun også studerte. I stedet havnet hun hos flyselskapet Boeing, der hun hjalp til med å forbedre flyene ut fra hvordan piloter og passasjerer faktisk opplevde dem. Derfra ble hun rekruttert til Microsoft, og i dag jobber hun som frilans designantropolog, blant annet sammen med selskapene Halogen, Visma og Design without Borders.

Jobben hennes består i å komme inn i organisasjonene utenfra, observere virksomhetene deres og hjelpe dem til å se seg selv med nye

øyne – til å «gjøre det kjente ukjent og det ukjente kjent».

– Jeg jobbet blant annet med utformingen av flyplassen på Gardermoen, og der har du ekstremt kompetente folk innen hvert sitt fag, om det er skilting, sikkerhetskontroll eller det å flytte folk fra ett sted til et annet. Oppgaven vår var ikke å finne på nye tjenester, men å få de ansatte til å se det hele fra *passasjerenes* ståsted, ikke flyplassens.

Da holder det ikke å komme inn og skrive en rapport, forklarer hun.

– En dårlig antropolog sier *jeg tar oppgaven*, og skriver en hundre siders rapport. Men min oppgave er ikke å observere og få fram informasjonen. Min oppgave er å få andre til å se hva som skjer, og bruke informasjonen til å skape bedre løsninger.

I undersøkelsene sine ved OSL oppdaget hun at de utenlandske reisende ikke fant toget de skulle på. Men da hun fortalte folkene fra Jernbaneverket om problemet, fikk hun beskjed om at de hadde et tydelig skilt på rett plass, og de kunne ikke gjøre noe mer.

– Så jeg tok dem med meg gjennom tollen og sa *ok, nå er du passasjer, hva ser du?* De fortalte meg at *der er skiltet vårt*, og jeg sa *men kan du se det?*

Problemet var at alt det fine lyset som kommer inn gjennom vinduene på Gardermoen, blendet folk så de ikke så skiltene. Det hjalp ikke at skiltene var på riktig plass.

– Da plutselig skjønnte de, og begynte å tenke og snakke og planlegge. Skiltfargen fungerer i Arlanda, for Arlanda har ikke noe naturlig lys, og den fungerer i København, fordi det er relativt mørkt der. Men på Gardermoen er det så mye lys og luft at man ikke ser det man skal. Det ville ikke hjulpet at jeg skrev en rapport om det, det må erfares.

Kirah vet hva hun snakker om, hun har nemlig vært «den dårlige antropologen» selv. Da hun ble rekruttert fra Boeing til Microsoft, reiste hun ut og studerte hvordan vanlige brukere klarte seg når de installerte programvaren. Det viste seg at kundene var frustrerte og forvirret, og brukte flerfoldige ganger så mange timer som produsenten trodde.

– Jeg hadde akkurat hjulpet Boeing med et fly og var litt cocky, fordi jeg hadde hatt et suksessprosjekt, og så kom jeg til Microsoft med rapporten min og sa *brukergrensesnittet fungerer ikke*. Det første spørsmålet jeg fikk, var *hvordan fant du disse dumme familiene?* Det neste var *hvorfor skal vi lytte til deg, du er bare en jævla antropolog og kan ingenting om teknologi?* Det var det mest ydmykende øyeblikket i livet mitt. Jeg tenkte: Nå Anna, har du – dette kan du ikke skrive – fucka opp.

Hun ler.

– Så hvordan kunne jeg rette på det? Jeg måtte ta utviklerne med meg ut. Når de selv opplever at brukergrensesnittet ikke fungerer, ser de det fra et ståsted, mens jeg ser det fra et annet, og så begynner vi å snakke om løsninger.

– **Så din feil var at du glemte å bruke antropologblikket – å se hvordan dine innspill fortonte seg fra utviklernes side?**

– Nettopp, en sånn rapport kan være utrolig provoserende, fordi jeg

¹ Anna Kirah (født 1960) studerte sosialantropologi ved Universitetet i Oslo og psykologi ved University of Washington. Hun underviser i servicedesign, produktdesign og designantropologi ved Oslomet. En periode var hun rektor og utviklingsdirektør for 180 degrees Academy (nå kjøpt opp av Kolding Business School) i Danmark, og hun har blant annet vært rådgiver i Links (Danmark), har jobbet som senior design- og innovasjonsantropolog i Sopra Steria, vært rådgiver hos Thomas AS, visepresident/partner i CPH Design, seniorarkitekt og senior designantropolog i Microsoft og Research Associate i Boeing.

² Ja, hva er det navnet egentlig? Etternavnet har hun tatt fordi «de kalte meg Kirah da jeg bodde i Japan som barn, det betyr *twinkle*». Og fornavnet? «Folk ble så forvirret av Anne, som ble uttalt ulikt forskjellige steder, mens Anna er enkelt for alle og kan uttales på alle språk.» Med andre ord: I tråd med gode designprinsipper forteller navnet hennes en historie og er utformet med tanke på brukeropplevelsen.

pekte på alle stedene hvor noe ikke fungerte, og jeg sa egentlig til dem at de ikke dugde. Oppgaven min var å hjelpe organisasjonen med å finne løsninger, og det gjør man ikke ved å være ekspert. Ekspertlue må bort. Jeg er mot hele doktorgradsopplegget. Jeg mener vi burde ha flere team-doktorgrader basert på samarbeid, det er helt nødvendig for å ta bort egoet som vokser opp under ekspertlue.

Kirah er opptatt av noe hun kaller *transdisiplinaritet*, og som ikke må forveksles med tverrfaglighet. Hun finner fram penn og papir og tegner to sirkler som så vidt overlapper, og peker på det overlappende feltet.

– Hvis man bare jobber *her*, er det nesten det samme som en *handover*. Jeg gir deg informasjonen, og så sitter du og jobber med den alene. Si at denne sirkelen er en teknolog, og denne er en designer.

Hun tegner en pil fra teknologen mot designeren.

– Men teknologen har fortsatt makten. De jobber først, og så leverer de det til designere, som kan ordne opp i noe, men ikke har myndighet til å si det er *feil retning*, for det har teknologene bestemt. Så kommer økonomene inn og skjærer bort ting, for det er ikke nok penger til å gjøre alt, men deres styrke er kanskje ikke å skjære bort de *riktige* tingene.

Så tegner hun flere sirkler ved siden av hverandre, som alle har piler mot en felles oppgave.

– Her må alle jobbe sammen samtidig om å lage noe nytt, alle må komme med sin kompetanse, og de må komme med en løsning der de alle blir sett som like.

Hun tenker seg om.

– Det beste eksemplet jeg kan komme på, er fra da jeg jobbet i Microsoft, og vi hadde en utfordring i Outlook. Vi satt i et møte sammen med en advokat, en fra forretningssiden og flere teknologer og designere. Alle satt i samme rommet og prøvde lenge å løse samme problemet. Jeg lyttet til alt, og så kom jeg med en idé selv. Advokaten sa straks at *det er en patentbar idé, den må vi få navnet ditt på*. Men jeg nektet, fordi jeg mente at alle hadde eierskap til ideen. Jeg var den første som artikulerte den, men om jeg ikke hadde hørt på de forskjellige ståstedene, ville jeg aldri kommet fram til den. Det fellesskapet, der vi ser ting fra forskjellige ståsteder, er hva jeg kaller transdisiplinær tilnærming.

– Men hvorfor har vi så lite av det, alle snakker jo varmt om tverrfaglighet?

– Og om du ser på stillingsannonseene, ser du at teknologifirmaene ønsker teknologer, du må ha ingeniørbakgrunn for å komme inn. De har en idé om hva de har behov for, og samfunnsvitere og humaniora ligger utenfor. Men vi trenger å forstå konsekvensene av det vi lager, og den kompetansen kommer ikke fra teknologene, men fra samfunnsvitere, historikere og andre som kan se mønstre.

På den andre siden mener hun også at studentene kan ha godt av mer kontakt med næringslivet.

– Hvor er antropologene i praksisplass? 90 prosent av dem skal ende opp et sted!

Hun peker på glassveggene og pultene rundt seg i designbyrået.

– Jeg kjenner så mange antropologer som sitter og selger klær, fordi de ikke kommer inn *her*.

Ved siden av den praktiske jobben sin som designantropolog underviser Kirah også ved Fakultet for teknologi, kunst og design på Oslomet, der hun også brenner for å få studentene mer i kontakt med virkeligheten utenfor universitetet.

– Problemet er at de kan teorien, men de har aldri sett den utført i praksis. Jeg tok med studentene mine til NRK der de fikk delta i et prosjekt, og da fikk de opplevelsen av at «Wow, dette er det jeg kan». Jeg fikk også den globale presidenten for R&D i Tupperware til å holde en masterclass på Oslomet, og det var stappfullt. Jeg har jo en ganske stor bekjentskapskrets, og har muligheten til å få disse folkene inn i klasserommet og gjøre ting levende, men det er ikke lett.

– Hvorfor ikke?

– Den jobben jeg elsker mest, er det jeg gjør for Oslomet. Institutt for estetiske fag tar imot meg og bruker meg hele tida til foredrag, jeg elsker studentene og de vitenskapelig ansatte, det er et fantastisk sted – og jeg kunne godt tenke meg å bare jobbe der resten av livet. Men systemet her

■ Anna Kirah har skrevet den kommende boka *Working on the edge* i samarbeid med en rekke andre «praktiserende antropologer» som er sysselsatt utenfor akademiet.



er slik at selv om instituttet ser verdien min, gjør ikke HR-avdelingen det. De er altfor opptatt av papir i stedet for hva noen kan bidra med. Fordi jeg ikke har en fullført ph.d., må jeg undervise på laveste status, som lektor. I USA kan jeg komme inn på helt annet nivå, men ikke i Norge.

Kirah studerte i sin tid sosialantropologi ved Blindern, og skrev en lærebok om norsk kultur for innflyttere. Der behandlet hun blant annet det norske likhetsidealet, som gir seg uttrykk i en streng køkultur.

– Er det du opplever nå, en slags køkultur i academia?

– Ja – *hvorfor skal jeg få en jobb når jeg ikke har slitt i akademia i alle år. Men jeg har jo slitt og jobbet ræva av meg i privat og offentlig sektor.*

Kirah legger til, som en sann antropolog, at under det hele ligger det norske likhetsidealet, og at det gir både positive og negative utslag – og at USAs system også har sine problemer. Et av hennes arbeidsmotto er: «I en hvilken som helst konflikt eller i et hvilket som helst dilemma har begge sider rett, men bare delvis.»

– Mitt utgangspunkt er at det ikke finnes én ekte sannhet. Jeg *må* tenke sånn for å kunne gjøre jobben min.

– Det er mye snakk om «empati» innen HR og «mentalisering» innen ledelse for tida – å se ting fra andres synsvinkel er visst populært?

– Det er en trend, *verdiledelse* og sånt. En av utfordringene når det gjelder empati, er at man later som det er en *ting*. «Vær så god, nå har du



– Vi trenger å forstå konsekvensene av det vi lager, og den kompetansen kommer ikke fra teknologene.

empati!» Men det er en evne som må *trenes, trenes, trenes*. Psykologer og antropologer er trent i det gjennom studiene.

Kirah mener at prat om empati i organisasjonslivet ofte ender opp som en måte å kontrollere folk på.

– Jeg har vært i bedrifter der de har en «positiv HR-politikk», og man skal være bare *blid og glad*. Da er resultatet at folk blir redde og ikke tør å si hva de mener. For om du faktisk har en mening om at noe er feil, kommer ledelsen og sier: *Du tenker ikke positivt nok*.

– Kanskje det er en feilslutning mellom empati og positive følelser, fordi mange tenker på empati som noe som har med følelser å gjøre. Men å se noe fra ulike posisjoner er også en analytisk øvelse?

– Ja, du trenger ikke å være en kjærlig person, du kan være en drittsekk og samtidig ha evnen til å se ting fra ulike ståsteder – og den evnen er mye viktigere enn empati. Når jeg sitter i et møte i en norsk organisasjon, ser jeg hvor lite folk klarer å se nye mønstre og andre ståsteder. De er

opptatt av sitt. Enten fagområdet sitt eller budskapet de skal komme med selv. Og de klarer ikke å bedrive aktiv lytting.

– Hva er det?

– Kanskje du går hjem til kona i dag og spør «Hvordan har du hatt det i dag?», og hun svarer «fint». Men hvor ofte sier du «Fint? Fortell meg mer om det»? Det vi ofte gjør, er at vi antar at vi vet hva «fint» betyr. Og mange av våre beslutninger kommer fra antakelser, i stedet for at vi faktisk har sjekka om vi forsto ting riktig. Derfor er det viktig å lære folk å stille spørsmål i stedet for bare å reagere. Hvis noen sier til deg at de liker Sylvi Listhaug, er kanskje den første reaksjonen din å si «Faen, hvordan kan du like henne?» i stedet for «Å, fortell meg mer, hvorfor tror du hun har bidratt med noe positivt?». Få ut all informasjonen før du kommer med en mening selv. Noen snakker om dette som empati, men jeg mener det er langt viktigere å ha en kontrollert forståelse av at *alt jeg tenker oppe i hodet mitt, ikke nødvendigvis er riktig*. ■



Vegen til framifrå forskning

Alle vil ha best mogleg forskning for pengane, men der stoggar semja. Forskarane ved R-QUEST vil finne ut kva god forskingskvalitet eigentleg er.

✦ TEKST: KJERSTIN GJENGEDAL | FOTO: ERIK NORRUD



↑ Frå NIFU-kontora vil Siri Brorstad Borlaug og Liv Langfeldt få oversikt over vegane som knyter politiske tiltak og god forskning saman.

FORSKARAR: Liv Langfeldt (t. v.), Siri Brorstad Borlaug og kollegaer ved forskingssenteret R-QUEST ved NIFU, saman med partnerinstitusjonar i fem land.

PROSJEKT: å studere kva som kjenneteiknar god forskingskvalitet, og kva vilkår som medverkar til god kvalitet.

METODE: spørjeundersøkingar, observasjon, intervju og bibliometri

UUNNVERLEG VERKTØY: internett



– Så det er slik det kjennest å vere informant, seier Siri Brorstad Borlaug, forskar ved NIFU (Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning).

Ifølgje henne sjølv har ho knapt gjort anna i tida si ved NIFU enn å spørje forskarar om kva dei gjer. No sit ho på andre sida av bordet og må sjølv svare på spørsmål om forskinga si.

Ei liknande dobbeltheit kjenneteiknar på sett og vis heile aktiviteten i forskingssenteret R-QUEST (Centre for Research Quality and Policy Impact Studies). Senteret har til føremål å få tak på det notorisk unnnvikande omgrepet «forskingskvalitet», for dermed å medverke til å utvikle forskingspolitikken. Det kom i stand i 2016 under Forskringsråd-satsinga FORINNPOL (Forsking for forskings- og innovasjonspolitik), og gjev forskarane stabil finansiering over ein periode på åtte år – uvande rammevilkår for NIFU-forskarar som er vande med å måtte leve på forskingsoppdrag i løpet av veker eller månader.

– No er vi sjølve ein del av dei forskingspolitiske verkemidla som vi skal studere, seier senterleiar Liv Langfeldt.

Alle snakkar om kvalitet, men ...

Kvalitet er blitt eit omgrep som går att i ulike variantar i alle slags forskingspolitiske dokument. Til dømes er det eit mål i regjeringas langtidsplan for forskning at Noreg skal utvikle fleire verdsleiarande forskingsmiljø. Men kva god forskingskvalitet eigentleg er, blir ikkje nødvendigvis klarare av at alle snakkar om det.

– Faktum er at vi eigentleg ikkje veit så mykje om korleis verkemidla som skal skape god forskingskvalitet, fungerer. Og vi veit ikkje kva mekanismar dei verkar gjennom, seier Langfeldt.

Ikkje slik å forstå at forskarar ikkje har klare meiningar om kva som er god forskning. Men meiningane er baserte på egne erfaringar og gjeld spesielle situasjonar.

– Det er interessant å sjå på dei prosessane der kvalitet blir definert. Det skjer som oftast gjennom ulike former for fagfellevurderingar, men slike vurderingar skjer alltid i ein gitt kontekst og med eit gitt føremål, seier Langfeldt.

Mangetydig omgrep

Forskarar sine oppfatningar av kva som er god forskning, varierer både med fagfelt og med kontekst, til dømes om forskinga blir vurdert med tanke på publisering, med tanke på tilsetjing i ei stilling, eller med tanke på søknad om midlar til eit prosjekt.

Dessutan er fagfellar ofte usamde også når dei deler målsetting. Alle forskarar kjenner historier om korleis same artikkelen kan få vilt ulike tilbakemeldingar i fagfellevurderinga.

– No i det siste har debatten om Statistisk sentralbyrå vist korleis kvalitetsomgrepet slett ikkje er eintydig. Der kom det fram at kvalitet både kunne dreie seg om publisering i velrenommerte internasjonale tidsskrift og om samfunnsnytte. Vi såg korleis ulike forståingar av omgrepet, som vanlegvis ikkje kjem til uttrykk, vart tydelege, seier Borlaug.

I R-QUEST vil dei altså studere dette meiningsmangfaldet nærare, og også sjå på om og korleis meiningane endrar seg med forskingspolitikken. Kvalitetsomgrepet har i seg nokre aspekt som dei fleste er samde om: God forskning er original, ho er solid utført, og ho er relevant for nokon – anten for forskarsamfunnet ved at faget blir drive framover, eller for samfunnet, eller begge.

– Men i diskusjonar om forskingskvalitet kjem det ofte ikkje fram korleis ein vektlegg dei ulike aspekta, og av og til står dei også i motsetnad til kvarandre, seier Borlaug.

To forteljingar

Når det gjeld korleis forskingspolitikken påverkar kvaliteten, har R-QUEST-forskarane identifisert to grunnforteljingar som er utbreidde hos

forskarane dei møter. Den eine forteljinga går ut på at forskingspolitikken i stor grad styrer innhaldet i forskinga. Krav i prosjektutlysingar og trendar hos tidsskriftredaksjonane gjer at forskarar berre kan drive med det som gjev pengar i kassa, og doktorgrad- og postdoktorprosjekt må vere avgrensa til det som er interessant for tidsskrifta.

Den andre forteljinga seier det motsette: at forskarar blir flinke til å tilpasse ordlyden i prosjektsøknadane sine etter utlysinga, og dei rapporterer på det dei er forventa å rapportere på, men bakom all iscenesettinga forskar dei stødig vidare på det dei er interesserte i, uavhengig av endringar i dei politiske verkemidla.

– Begge desse forteljingane høyrer vi heile tida, men det er anekdotisk, og ein har lite systematisk forskning på det. Der kjem R-QUEST inn, seier Borlaug.


Tek etter andre land

Både problemstillingane og senteret er internasjonalt: NIFU er koordinator, men har knytt til seg partnerinstitusjonar i Sverige, Danmark, Nederland og Storbritannia, alle land som Noreg gjerne finn det naturleg å samanlikne seg med i forskingsspørsmål.

